



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Eid kommune
Rådhusvegen 11
6770 NORDFJORDEID

Dykkar ref	Vår ref	Dato
14/1084	15/594-2	24.03.2015

**Spørsmål om tolking og praktisering av matrikkellova § 26 og matrikkelforskrifta § 10 -
Eid kommune**

Vi viser til dykkar brev 27.01.2015.

Departementet kan, som kjent, ikkje ta stilling til den konkrete saka i kommunen, og har difor vurdert dykkar spørsmål om kva som ligg i kravet til semje for gjennomføring av retting i matrikkelen, på generelt grunnlag.

I kommentarane til matrikkelforskrifta § 10 i rettleiaren ”Matrikkellova – kommentarar til lov og forskrift” og i prinsipputtalen frå Miljøverndepartementet ”Om adgangen til å opprette grunneiendom i uregistret jordsameie mv.22.juni 2012” står det følgjande:

”Når rettingen gjelder eiendomsgrenser, må det dokumenteres at det foreligger enighet mellom alle registrerte eiere og festere om rettingen”.

I kravet om semje ligg at det må ligge føre eit skriftleg samtykke i form av ei underskrift frå dei som eig/festar eigedomane saka gjeld.

Det er likevel slik at dersom det ligg føre rettskraftig avgjerd frå domstolane (dom eller rettsforlik), skal retting skje på grunnlag av avgjerda.

Vidare er det slik at dersom eigedomsgrensene allereie er fastlagde i oppmålingsforretning, kan grensene bare først i matrikkelen ved gjennomføring av ny oppmålingsforretning eller etter rettsleg avgjerde. I desse tilfella er det ikkje tilstrekkeleg med skriftleg samtykke. Dette følgjer av matrikkellova § 26 tredje ledd.

Dersom grensene ikkje er fastlagde i oppmålingsforretning, kan grensene rettast i matrikkelen dersom dei involverte er samde om denne endringa.

Med helsing

Kari Strande (e.f.)
avdelingsdirektør

Cathrine Rosmer
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur